



Samnanger
kommune

Kommunale vegar, bruer og kaier

Vedlikehaldsplan 2024-2027



Gjerdsvegen 2023

Innhold:

- 0. Innleiing**
- 1. Omgrep drift / vedlikehald**
- 2. Hovudmål - Delmål - Strategi**
- 3. Budsjett og økonomiplan 2024-2027**
- 4. Organisering**
- 5. Standard**
 - **Vedlikehaldsstandard for kommunale vegar**
 - **Standard for vintervedlikehald**
- 6. Oversikt - Vegliste, bruer, gangvegar, fortau, kaier, gatelys, rekkverk og murar**
- 7. Oversikt innleige/eigendrift brøyting og strøing**
- 8. Vinterbrøyting idrettsanlegget i Hagabotnane**
- 9. Inspeksjon bruer 2022**
- 10. Tilstandsanalyse**
- 11. Tiltak**
- 12. Vedlegg**
- 13. Lovverk og handbøker.**

0. Innleiing.

Samnanger kommune sitt samla vegnett er på cirka 25 km. Innbyggjartalet ligg rundt 2 500 og samtlege av desse brukar dei kommunale vegane. I drift av veg inngår skilting, lapping av asfaltdekke, handtering av overvatn, merking, kantslått, fjellreinsk, snøbrøyting, veglys og gatefeiing. Dette er vegar med betydelig forskjell i både standard, tilstand og trafikkmengde.

Kommunestyret tok i sak 038/2022 den 16.06.2022 forvaltningsrapport innan vedlikehald av kommunale bygg og vegar til etterretning. Det vart òg vedteke at følgjande skulle forankrast i kommunestyret:

- Prinsipp for kommunen si eigedomsforvaltning og prioritering av vedlikehald av kommunale bygg
- Plan for vegvedlikehald

1. Forklaring drift og vedlikehald.

Drift er alle tiltak som inngår i å oppretthalde vegane/vegnettet sin funksjonelle kvalitet. Drift kan og verte definert som tiltak med sikte på å redusere miljøbelastninga frå vegen og denne sine brukarar, betre sikkerheita og oppretthalde vegane sin framkommelegheit.

Vedlikehald er alle tiltak som inngår i å oppretthalde vegane/vegnettet/vegutstyret sin strukturelle kvalitet. Vedlikehald kan og verte definert som tiltak med sikte på å oppretthalde verdien av investert vegkapital.

2. Hovudmål for vegvedlikehald i Samnanger kommune.

Hovudmål

Vegnettet skal vere utforma på ein slik måte at det oppfyller funksjonane som vert sett i kommuneplanar, arealplanar, reguleringsplanar og trafikk sikkerheitsplanane.

Delmål


- Alle kommunale vegar skal ha breidde og dekkestandard tilpassa trafikkgrunnlaget
- Trafikk sikkerheitsplan skal være et viktig styringsverktøy i forvaltning av kommunale vegar
- Ved forsterkning og oppgradering av vegar skal hovudvegar og samlevegar prioriterast før mindre vegar med lågare trafikk tal. Dette gjelder både sommar- og vinter vedlikehald
- Hovudvegar og samlevegar skal ha god dekkestandard
- Mindre trafikkerte vegar samt gangvegar og fortau skal ha ein akseptabel dekkestandard
- Tillaten aksellast på kommunale vegar bør vera 10 tonn
- Løyve for gravearbeid på kommunale vegar, skal føreliggja før arbeidet er starta. Gravearbeid skal utførast på ein slik måte at vegane er i minst like god stand som før graving. Graving i offentleg veg skal skje etter dei reglar som er omtalt i gravemelding.

Strategi


Denne vedlikehaldsplanen er ein reiskap for å definere dei kommunale vegane sitt behov, og sikre nødvendige ressursar til å halde vegstandarden. Vedlikehaldsplanen skal også vere ein reiskap for politikarane, slik at dei har kjennskap til tiltak som skal utførast kvart år. Kommunen har eigen trafikk sikkerheitsplan, med eigne tiltak som skal realiserast gjennom vedlikehaldsplanen. Gatelys er ein del av vegmiljøet og er ein viktig faktor i forhold til trafikk sikkerheita og trivsel. Vedlikehaldsplanen skal innehalda tiltak for gatelys i framtida.

3. Budsjett og økonomiplan 2023-2026

Budsjettet for Samnanger kommune til drift av kommunale vegar var i 2022 på 2,3 millionar kroner. For 2023 er det vedteke eit budsjett på 2,4 millionar kroner. Dette er og grunnlaget for ramma til drift av kommunale vegar, kaier og parkar ut økonomiplanperioden. Utfordringa i 2023 har vore ein høg pris- og kostnadsvekst. Teknisk drift får gjort mindre vedlikehald for pengane. Det er vedteke eit generelt nedtrekk på sektoren. I tertialrapport pr. april for 2023 er det gjort framlegg om å redusera det generelle nedtrekket frå 1 mill. kr til 0,5 mill. kr. Vegvedlikehald skal òg bidra til nedtrekket, og teknisk drift vurderer pr i dag kva tiltak som kan gje innsparing utan at det i står grad går ut over tenestetilbodet til innbygarane.



Samnanger har om lag 10 kilometer veg pr 1000 innbygger. Det er om lag i midten av KOSTRA-gruppa, der det er kommunar med ca. 17 kilometer veg pr 1000 innbygger og kommunar med ca. 5 kilometer.



I år (2023) er det gjennomført ei rekkje store investeringar og etterlengta forbetringar på fleire av dei kommunale vegane i Samnanger: store utbetringar og rassikring på øvre del av Hagabakkane opp til idrettsanlegget, samt ny gangsti til Hagabotnane. Utbetring og trafikksikringstiltak for skuleungane langs Gjerdsvegen og Nesjavegen. Parkeringsplassen ved helsetunet og Samnangerheimen er òg utbetra, med felles innkøyring og universell tilkomst.

4. Organisering og utstyr i eining teknisk drift

Til drift av vegar er det fast 55 % stilling avsett til vegvedlikehald. Under brøytesesongen, sommarsesongen med kantklipping og ved grøftereinsk disponerast nødvendige ressursar frå byggvedlikehald over på veg.

Eininga har teknisk vaktordning, der 7 av driftspersonalet inngår. Vaktordninga går over ei veke frå tysdag kl. 07.30 til neste tysdag kl. 07.30. Vaktordninga gjeld utbetring av feil og skadar på VVA-anlegg, kommunale bygningar/installasjonar, samt svare ut på vakttelefon og er ein del av KKL sin beredskapstelefon ved henvendelsar frå Statsforvaltaren. Den som har teknisk vakt har òg ansvar for flaggheising/-firing.

I vintersesongen har eininga òg brøytevakt frå 15.12 til 25.03. Vaktperioden kan utvidast dersom arbeidsgjevar finn det nødvendig, til dømes ved tidlegare eller seinare snøfall enn avtalen tilseier.

I og med at eininga har 7 tilsette på drift, er mannskapet fleksibelt til å utføre byggvedlikehald og vegvedlikehald gjennom året, samt brøyting på ein del av vegane når det er behov. I gjennomgang av organisering på teknisk er det mål om å justere 50 % frå byggvedlikehald til veg. Dette føreset ein redusjon av bygningsmassen.

Eininga leasar traktorar med utstyr og bilar i teknisk drift. Eininga går over til el-bilar og materiell etter kvart som leasingavtalane vert fornya, eller kjøper nytt utstyr.

- 1 stor traktor m/ lasteapparat og 2 store traktorar
- 1 liten traktor
- 2 snøfresar
- 2 skjer
- 1 handfres
- 1 isskjer for stor traktor
- strøaggregat traktor
- kosteutstyr for liten traktor
- flisekuttar for traktor
- tilhengar traktor
- kantlåttapparat

5. Standard – veg og brøyting i Samnanger kommune

Samnanger kommune sin vedlikehaldsstandard for kommunale vegar seier når tiltak skal verte sett inn for å halde tilfredsstillande standard for vegane slik at dei ikkje blir i så dårleg forfatning at dei er trafikkfarlege. Standarden er retningsgjevande for arbeidet kommunen sjølv utfører av vegvedlikehald og for dei entreprenørar kommunen har kontrakt med.

Vedlikehaldsstandard for kommunale vegar - Samnanger kommune

Vegnettet har felles definisjonar med følgande 3 inndelingar:

- Samleveg - ei gate eller veg som er definert som sentrumsgate, forretningsgate, miljøgate, industrigate og hovudtilkomst for bustadområde.
- Tilkomst - ein veg som er definert som køyreveg og som ikkje er samleveg, bustadgate eller stikkveg
- Gang-/sykkelveg - ein veg utan biltrafikk eller der køyring skjer på dei gåande sine premissar

Ulike definisjonar og retningsliner for vegvedlikehald :

- Drenering -
 - ✓ Opne grøfter
 - ✓ Overvatnsgrøfter skal reinskast når djupna er mindre enn 30 cm. Torvkantar som hindrar vassavrenning skal verte fjerna. Grøftene skal være fri for vegetasjon som kan hindre vassrenning
- Lukka grøfter
 - ✓ Drens- og overvatnsystem skal inspiserast i samband med slamsuging av kummar og sandfang. Spying skal utførast umiddelbart når røyret har gått tett
- Stikkrenner
 - ✓ Vatnet skal til ei kvar tid vera sikra fritt inn- og utløp. Rist før bekkelukking skal vera i orden og reinska. Ved skade som representerer sikkerheitsrisiko, skal reparasjon verte utført umiddelbart
- Sluk, sandfang og kummar
 - ✓ Tømming/slamsuging av kummar skal verte gjennomført før oppslamming har nådd 10 cm frå avløpet. Vatnet skal til ei kvar tid vera sikra fritt inn- og utløp
 - ✓ Kumlokk og slukrister må utbetrast eller verte skifta når dei:
 - stikk over vegdekket si overflate
 - er 4 cm eller meir under vegdekket
 - "slår" når bilar køyrer over
 - er skada og representerer fare for gåande eller syklande
- Vegdekke
 - ✓ Generelt gjeld at hol i faste dekke som kan representere ein fare for trafikantar og køyretøy skal verte reparert snarast og seinast i løpet av 2 dagar.
 - ✓ Hol som ikkje er direkte trafikkfarlege skal reparerast i løpet av:
 - 1 veke for samlevegar og gang-/sykkelvegar
 - 2 veker for tilkomstvegar
 - ✓ Spordjupne
 - Tiltak vert sett i verk når spora ikkje er i samsvar med vegnormalar N 100. Veg- og gateutforming.

- Kantstein og rekkverk
 - ✓ Kantstein skal sitte fast og vera minimum 5 cm høg
 - ✓ Ved fotgjengarovergang skal høgda på kantstein ikkje vera over 1 cm
 - ✓ Kantstein som har kome ut av stilling skal reparerast seinast i løpet av 3 veker
 - ✓ I vinterhalvåret skal lause kantsteinar fjernast og reparasjon utførast så snart som mogleg om våren

- Rekkverk
 - ✓ Skada rekkverk som kan representere trafikkfare skal merkast omgåande og reparerast innan 1 veke. Det same gjeld ferister og gjerde og andre innretningar
 - ✓ Røyrgerde som vert brukt og står inntil vegbana eller fortau vert behandla som rekkverk
 - ✓ Rekkverk skal utbetrast når ein utbrøyting etter setning eller påkøyrsel er meir enn 20 cm
 - ✓ Høgda skal justerast når gjenverande høgde mellom køyrebanekanten og topp av skinne er mindre enn 50 cm

- Skilt, gatelys og oppmerking
 - ✓ Skilt skal normalt kunne verte lest på 50 meters avstand
 - ✓ Skilt som er synleg skeive skal utbetrast i løpet av 1 månad
 - ✓ Skilt som er borte eller ikkje kan lesast, skal verte utbetra i løpet av 1 veke.
 - ✓ Ved skilt som har stor trafikkmessig betydning, skal det verte sett i verk tiltak umiddelbart

- Vegbelysning
 - ✓ For vegbelysning gjeld at enkeltlamper som er sløkte, skal verte skifta i løpet av 3 veker
 - ✓ Når 3-7 lamper etter kvarandre er sløkte, skal feil verte utbetra i løpet av 3 veker
 - ✓ Dersom meir enn 7 lamper etter kvarandre er sløkte, skal feil vere undersøkt og om mogleg retta innan 1 veke

- Oppmerking
 - ✓ For oppmerking gjeld at minst 50 % av fotgjengarfelt, parkeringsplassar, stopplinje, pilar og anna spesiell oppmerking for trafikkregulering skal vera synleg
 - ✓ Etter avslutta dekkelegging skal all oppmerking vera utført seinast innan 1 månad

- Grøntareal
 - ✓ Grasareal i rabattar og trafikkøyer skal ikkje vera høgare enn 10 cm
 - ✓ Vegetasjon i vegkantar og skråningar skal klippast 1 gang pr månad i tidsrommet frå juni til september
 - ✓ Skadar som har oppstått i løpet av vinteren på plenareal og buskar skal utbetrast innan 10. mai
 - ✓ Gras og kratt i siktsoner skal ikkje vere høgare enn 50 cm over vegbana
 - ✓ Vegetasjon skal ikkje hindre sikten til skilt eller anna vegmerking. Den skal heller ikkje vera til hinder for trafikantane eller for gjennomføring av vegvedlikehaldet

- Reinhald og service
 - ✓ Langs hovudvegnettet, gang-/sykkelvegar og fortau, samt parkeringsplassar, skal det innan 17. mai kvart år vera gjort hovudreingjering ved spyling eller feiing
 - ✓ Samlevegar skal normalt verta feia 1 gang pr månad i sommarsesongen

- ✓ Gang-/sykkelvegar skal heldast frie for stein/grus og glasskår. Strøsand skal verte fjerna så snart vintersesongen er over
- Avfall
 - ✓ Vegområde, parkområde og kommunale parkeringsplassar skal heldast frie for skjemmande avfall av ein kvar art
 - ✓ Tømming av bossbeholdar skal gjerast så ofte at dei ikkje vert overfylte
- Opprydding ras og flaum.
 - ✓ Skadestaden (ras, flaum, kollisjon o.l.) skal sikrast slik at ulykke og utslepp til ytre miljø vert unngått og ytterlegare forverring av skadane på vegkonstruksjonen vert unngått. Dersom trafikken vert slept forbi skadestaden, må dette skje på ein sikker måte
- Murar
 - ✓ Murar bør ikkje ha skadar som gjer at dei mister funksjonen sin, eller skade som gjev varig auka vedlikehaldskostnader
- Bruer
 - ✓ Bruer som har manglar etter årleg inspeksjon, skal verte tatt inn i årleg kommunal tilstandsrapport og verte utbetra snarast i tråd med årleg handlingsplan/budsjett
- Fjellskjering
 - ✓ Utsette skjeringar skal kontrollerast og fjellreinsk utførast systematisk kvart år
 - ✓ Sikkerheitsnett skal inspiserast og tømast når det er påkravd

Standard for vintervedlikehald – brøyting i Samnanger kommune

Målet med vinterdriftstiltak er tilfredsstillande veggrep og framkomst både for køyretrafikk og dei mjuke trafikantane. Vegar med offentleg transport/busstransport, skulevegar og gangvegar vil derfor vera prioritert.

Brøyting

I kommunen sin standard for vintervedlikehald er følgjande kriteria lagt til grunn ved opstart brøyting:

- Brøyting av kommunale vegar ved ei snømengde på 8-10 cm
- Ved snøfall om natta skal vegar med høg prioritet vera gjennombrøyta til kl. 07.00 på kvardagar og kl. 08.00 på helgedagar
- Hovudvegane (bussvegar) og gangvegar vert prioritert og gjennombrøyta innan 5 timar. For det vanlege bustadvegnettet er tiltakstida 10 timar
- Ved store snøfall tek brøyting lengre tid, og vi kan oppleve at det oppstår problem med brøyting, rydding av fortau, kryssrydding og redusert standard på snuplassar

- Dei viktigaste vegane vert brøyta etter behov og standard heile døgnet, medan brøyting på resten av vegnettet i størst mogleg grad vert utført på dagtid og elles når snømengda er over 10 cm. Brøyting kan og ha starta på lågare snømengder når dette er fornuftig totaløkonomisk (for eksempel før omslag til regn, våt snø osv.)
- I tida mellom kl. 21.00 og 06.00 må trafikantane akseptera vanskelegare køyreforhold, enn om dagen
- Når det vert rydda bort snø frå eiga tomt, er det ikkje lov å leggja snøen i vegbana. Snøen vert då til hinder for trafikken, og farlege situasjonar kan oppstå

Strøing av vegar og gangareal

- Kommunen bruker sand og salt til strøing. Dette vert utført etter oppsette strøruter og i spesielt bratte og vanskelege bakkar samt i kurver og før vegkryss når normalt vinterutrusta bilar og personar har vanskeleg for å komme sikkert fram
- Strøing av offentlege plassar, fortau og gang- og sykkelvegar vert prioritert og skal utførast jamleg når forholda tilseier det
- Servicestrøing av kommunale vegar vert utført berre når friksjonsforholda er ekstremt dårlege (is).
- Ein del gater og vegar er tronge, og kantparkering kan gjera desse uframkommelege om vinteren. For at det skal vera framkommeleg for lastebilar og maskinar i vinterdrifta, er det nødvendig å ha ei fri breidde på 3 meter. Er det mindre breidde enn dette, kan det ikkje parkera bilar på vegkanten. Alternativt må det måkast plass til bilen
- Brøytemannskap har ordre om å ikkje "pressa seg fram" i vegar der parkerte køyretøy gjer at det kan oppstå skade. I slike tilfelle vil vegane naturlegvis få ein dårleg standard og framkommelegheita for trafikantane vil verte redusert
- Samnanger kommune ved teknisk drift ber derfor om at publikum skal bidra med både eigen snørydding og parkering på ein slik måte at brøytemannskapet kan få utføre sin jobb på ein slik måte at vegnettet òg i vinterhalvåret har ei akseptabel vegbreidde og standard.

6. Oversikt vegar, gangvegar, bruer og kaier.

HORDALAND FYLKE- SAMNANGER		Grunnlag for prioritering												Nødv. vedl.	Brøyting											
Vegstrekning	Meter veg	Reg. off veg			Næringsinter.			Off. VA i veg			Komm. Anlegg			Allmenn inter.			Snuplass			Samleveg			Bustad hus	Merknad	1000 kr ca	
		J a	N E i	H M L	H M L	H M L	H M L	H M L	H M L	H M L	H M L	H M L	H M L	H M L	H M L	H M L	Ca tal									
Li – Kvernes	4332		x			x			x			x			x			x				28	Lengste komm.veg i SK. Har fleire relativt lange private tilførselsvegar knytt til vegen.		Ja	
fv. 49 - Årland kyrkje- øvre gravplass	300	x				x			x	x					x							-	Regulert off.veg, Utvida med 300m til øvre kyrkjegard.		Ja	
Bygdavegen Fv 49 Reistad – kryss Heiane- Steintveit	1650		x			x					x				x							19	VA frå Reistad neste del 600 m. Komm. fram til kryss Heiane. Framtidig utbygging av Erikajorda. Off. parkering bør etabl. ved kryss.et for ivareta allmenne interesser.		Ja	
Nesjavegen – barneskulen	888	x				x		X		x					x							11	Regulert off.veg. Samleveg til Lønnebakkenfeltet/ Helgatona og vegen til Dråpeslottet bhg og barneskulen.		Ja	
Fv5132-Steinsland- barneskulen – Neset 14	473	x				x			x	x					x							29	Regulert off.veg. Hovudveg/samleveg over Steinsland til barneskulen		Ja	
Gjerdsvegen 25 -innkj 61 -	70	x				x		X		x					x								Regulert off.veg. Blir brøyta heilt til Myra vassverk – vurdere utviding til off.veg til Myra gjennom reguleringsendring. Høg verdi som allment interesse- og ferdselsområde. Vurdere fleire p-plasser.		Ja	
Bjørkhaugen – frå Steinslandvegen 33	233	x				x				x					x							34	Regulert veg bustadområde.		Ja	
Fv 5132 Haga – Idrettsanlegget- Tveiteråsflatane til fv 134	1225		x			x			x	x					x							37	Gjennomgangsveg til fv 5132, med fleire lange private tilknytingsvegar. Høg verdi for allmenn interesse og tilkomst til kommunalt idrettsanlegg og turområde..		Ja	
fv.5128 – Årheiane- snupl Totræna	564		x			x				x	x				x							3	Komm.veg til snuplass på Nygård. SK har avtale om brøyting av vegen og parkering for kommunalt skiparkanlegg.		Ja	
Ytre-Tysse-Tyssereinane-fv5132 Samnanger ungdomsskule	1239	x				x			x	x					x							4	Regulert off.veg, til skule og off.høgdebasseng. Allmenn interesse og utfartsområde ved høgdebasseng. Revisjon av reg.plan vurd omreg. av veg til gangveg over Tyssereinane.		Ja	
fv. 579– ned til kai Rolvsvåg	134	x				x			x	x					x							-	Off. regulert kaiområde		Ja	
Rolvsvåg byggefelt	1043	x				x			x						x							13	Regulert veg kommunalt bustadområde		Ja	
Industriområde Rolvsvåg	477	x				x			x	x					x							-	Regulert veg kommunalt industriområde		Ja	
Steinslandsvika	62	x				x			x						x							3	Regulert veg til offentlig molo og kommunale VA-anlegg. Vintervedlikehald til komm.VA-anlegg.		Ja	
Fv49-Reistadliane- Reistadliane 41	439		x			x			x						x							19	Off.veg til Vassloppa barnehage og Reistadliane 39-41.		Ja	
Bjørkheim sentrum	544	x				x			x						x							-	Regulering område. Off.VVA-anlegg, off.badeplass, og park, torg og grøntområde		Ja	

VESTLAND FYLKE- SAMNANGER		Reg. off veg	Nærings-inter.			Off. VA i veg			Komm. Anlegg			Allmenn Inter.			Snu-plass			Samleveg			Bustadhus	Grunnlag for prioritering		Nødv. vedl.	Brøyting	
Vegstrekning	Meter veg	J	N	H	M	L	H	M	L	H	M	L	H	M	L	H	M	L	H	M	L	Ca tal	Merknad	1000 kr ca		
Fv 5132 gangveg Haga kyrkja-Steinsland	263		x			x				x												-	Off.regulert gangveg langs fv 5132 frå Samnangerheimen til kryss Steinslandsvegen. Skuleveg.		Ja	
Lønnebakken-Helgatona	1650	x				x																	Regulert nytt kommunalt bustadfelt.		Ja	
Gamlehusvegen			x			x				x													Del av vegen *) opp frå Nesjavegen til Lønnebakken vert nytta til gangveg bør verte regulert til gang/sykkelveg med køyring til eigedomane. Ikkje gjennomkøyring.		Ja	
fv. 5128 – Nyttløetrase	1099		x			x				x												2	Lav verdi på indikatorane.		J	
fv. 49- Raunekleiva	966		x			x				x												x	Lav verdi på indikatorane. Innkøyring til BIR-anlegg og p-plass utfartsområde er på BIR sin eigedom.		J	
Teigabrekka – Reistadstølen	519		x			x				x												20	Lav verdi på indikatorane.		J	
Indre Tysse	551		x			x				x												5	Off.veg til Fjordtønna. Matrikkel visar privat veg fordelt på fleire grunneigarar. Lav verdi på indikatorane.		J	
Gamlehusvegen			x			x				x													Vedtak 2008 om kommunal veg. Førreligg ikkje avtale eller regulering. Del som vert brukt til gangveg til skule/bhg. SK brøyter heile vegen. Vegen frå øvre bhg p-plass til nr 23 er open for gåande ferdsel til Lønnebakken.		J	
Haukanesvegen 258,260,262	128		x			x				x												1	Feilregistrering, korrigerering av gammal off. veg.		N	
Nesjavegen 9 -stikkveg	70	x				x				x												1	Del er off.gangveg, vedlikehaldsansvar som for privat stikkveg til nr.9		J	
Haga	130		x			x				x												8	Nedre del av gamlevegen - Lav verdi på indikatorane.		J	
fv. 5128 – til Tysseland bru	455		x			x				x												4	Bør vert sett i samanheng med veg som BKK eig. Lav verdi på indikatorane.		J*	
fv. 5128-Frøland – Antons historiske senter	210		x			x				x												3	Offentleg interesse frå då det var skule på Frøland. Lav verdi på indikatorane.		J*	
Fv 49 – Jarland/holmane - grustak Haug	538		x			x				x												0	Off.første del og privat vidare til Haug og Holmane, samt til brua til Jarland. Lav verdi på indikatorane.		J*	
Fv 5128 Stubb v innkj Gaupholm	89		x			x				x														Feilregistrering, korrigerering av gammal off. veg.		N
Fv 5128- Gaupholm kai	351		x			x				x												2	Gamal handlestad og gamal off. veg med lave verdjar som off.		N	
fv. 5128 - fv. 5130 ved Sandvik	254		x			x				x														Opprydding etter gammal off. veg. Lav verdi på indikatorane.		N
Fjellheimsvegen	411		x			x				x												23	Lav verdi på indikatorane. Mesteparten av off.VA ligg over private eigedomar og ikkje vegen.		J	
fv. 49- Vågabygda- fv. 5132	201		x			x				x												18	Rest av vegstubb etter gammal off. veg. Liten samleveg til privat bustadfelt i Storhaugen og to private sidevegar.		J	

Rekkverk og murar

Type	Lengde	Vedlikehaldsbehov
Autovern	2886,5 m	Indre Tysse Fjordtønna, Hagabotnane -Tveit-Kvittingsvegen. Bjørkhaugen, mm. Utbetre og fornye.
Rekkverk av tre	500 m	Gangveg Ytre-Tysse bru til Indre-Tysse – Treng anna vegdekke frå metallrister til meir fastare dekke og nytt treverk. Barneskulen - gangveg frå undergang til FV 136. Universell utforming nødvendig.
Føringskantar av betong	3544,5 m	Steinslandsvegen, Nyutløtræ, Tyssereinane, Gjerdsvegen,mm. Utbetre og fornye.
Rekkverk røyr	274	Fjellheimsvegen, ungdomsskulen og Tyssereinane. Utbetre.

Gatelys.

Eigar	Tal lys tot	Vedlikehaldsbehov
Fylket har frå 2023 tatt over lys langs fylkesveg. Kommunen har straumutgifter for lys langs kommunale vegar og plassar	1180 stk.	Utsifting pågår på kommunale vegar for 200 000 kroner kvart år i 2022 og 2023. Har skifta ca. 80 stk. 2022 og pågår. Ved vegutbetring vert det òg skifta armatur eller sett på nye LED-lys. Store deler av armaturane i vegbelysninga er kvikksølv – Det vert ikkje levert armatur til desse lenger. Det betyr at ved mørke lamper i armaturar som er berekna for kvikksølv. vert desse skifta til LED så langt det er midlar til det.

7. Oversikt innleie / eigendrift brøyting og strøing.

Stad	Type	Utkalling	Utført
Rolvsvågen byggjefelt og industriområde	Brøyting/strøing	beredskap	Odland Maskin AS
Frøland – Haug – Jarland – Tysseland	Brøyting/strøing	beredskap	Toralf Frøland
Ny gravplass – Vågabygdvegen- Skottabakken	Brøyting/strøing		Tysseland Smed og mek. verkstad
Tyssereinane	Brøyting		Tor Egil Nilsen
Raunekleiva- Liavegen –Parkering kyrkja – Reistadliane – Teigabrekka – Bygdavegen - Bjørkheim – Lønnebakken – Helgatone – Nesjavegen- Dråpeslåttet, barneskulen – Parkering Neset Steinsland – Myra -Gjerdsvegen Tveitaflatane -Hagabakkane- brannstasjon og parkering – Fjellheimsvegen – Komm.huset – Indre Tysse – Tyssereinane – ungdomsskulen –Ytre-Tysse - Gaupholm –sykkel/gangsti langs fv. Ytre- Indre Tysse Helsetunet – Hamnahaugen- Parkeringsplass – Barneskulen – gangveg til og veg ned til Neset – Bjørkhaugen, Gamlehusvegen.	Brøyting/strøing	Teknisk vakt	Teknisk drift
Totrævegen – Nyutløtrævegen	Brøyting/strøing	Teknisk vakt	Teknisk drift - Tilskot frå Kultur for brøyting til Totræna vinterpark

8. Vinterbrøyting Idrettsanlegget Hagabotnane

Vinteren 2022-23 har teknisk drift brøyt kunstgrasbana i Hagabotnane. Denne og klubbhuset har tidlegare vore stengt i vinterhalvåret. Tiltaket var ei ekstraløyving i budsjettet på 165 000 kroner (eks. mva) til brøyteutstyr og 40 000 kroner (eks. mva) til ekstra årleg vedlikehald, slik at idrettslaget kunne gjennomføra både trening og kampar i vintersesongen.

Til brøytinga vart det lånt eit skjer frå Vaksdal kommune, sidan dei hadde vinterstengt bane. Dersom tiltaket skal gjennomførast i vintersesongen 2023–2024, trengst det eigna utstyr til dette. I tillegg må det midlar i 2024-budsjettet til å dekke lønskostnadane, midlar til straum på bana og klubbhus, samt reinhald av klubbhus og toalett. Totalt utgjer dette åreleg om lag 100 000 kroner. Med ei permanent ordning bør det kjøpast inn brøytereiskap til om lag 800 000 kroner inkl. mva. Dette utstyret kan òg brukast til andre ting i sommarhalvåret, til dømes til vedlikehald av vegar, parkar og reingjering av plassar og gater. I revidert investeringsbudsjett pr. april er det for 2023 sett av 606 250 kroner inkl. mva til tiltaket.

Dette er eit tilrådd tiltak, og rådmannen kjem attende til korleis dette driftstiltaket og naudsynt investeringstiltak kan innarbeidast i budsjett for 2024.

9. Bru – og kairapport

Inspeksjonar er utført i samsvar med Statens vegvesen si handbok V441 og i samsvar med dei retningslinjer som er gitt, utan bruk av underbrulift. Inspeksjonen er utført 01.06.2022–12.08.2022. Fullstendig rapport ligg ved.

Bru	Vedlikehaldsbehov
Jarland bru	Utbetring er gjennomført og ferdigstilt i 2023
Tyssereinane bru 1	Det er ikkje observert skader av betydning for bereevne. Brurekkverket manglar tilstøytane vegrekkverk, men pga. svært lav ÅDT/hastigheit sjåast ikkje dette som påkravd for å ivareta trafikksikkerheita. Mindre sprekk i landkar akse 2 haldast under oppsikt. Generell begroing bør fjernast.
Tyssereinane bru 2	Det er ikkje observert skader som har umiddelbar betydning for bereevne. Landkar akse 2 har setning som må haldast under oppsikt for eventuell utvikling. Har vært stabil siste 8 år. Brurekkverket manglar tilstøytane vegrekkverk. Øvrig vegrekkverk sjåast ikkje påkravd pga. svært lav ÅDT/hastigheit.
Tysselandsbrua	Det er ikkje observert skader av betydning for bereevne eller trafikksikkerheit. Hovudbjelkar og brudekket har noko dårleg overdekning av armering. Reingjering av tersklar og fjerning av skrot under brua anbefalast. Ein bolt manglar i fotplate til rekkverk i akse 5, dette har minimal betydning. Generell begroing bør fjernes.
Bru Ådland – ny gravplass	Det er ikkje observert skader av betydning for bereevne eller trafikksikkerheit. Det er en mindre avskaling på innfestning til rekkverk akse 1-2 oppstrøms side.
Steintveit bru (Bygdavegen)	Det er ikkje observert skader av betydning for bereevne eller trafikksikkerheit. Generell begroing bør fjernes.
Nordvik	Det er ikkje observert skader av betydning for bereevne eller trafikksikkerheit. Det er gamle brot i stein i landkarane. Kalkutfelling på underside plate har ikkje utvikla seg siste 5 år.
Reistad	Det er ikkje observert skader av betydning for bereevne eller trafikksikkerheit. Generell begroing bør fjernes.
Leiren bru 1	Det er ikkje observert skader av betydning for bereevne eller trafikksikkerheit. Brurekkverket har mindre deformasjonar i rørklammer, mindre korrosjon og ikkje 100 % i tråd med dagens standard. Veggen har lav ÅDT. Generell begroing på platekantar ved landkar bør fjernes.

Leiar bru 2	Brua er på veg inn til lagerplass og ikkje normalt trafikkert, det bør kontrollerast om brua er i kommunalt eige. Det anbefales å etablere vegbom i forkant til innkøyrse til brua. Det er observert skader som kan ha betydning for bereevne. Det er
	sjølvberande plate oppå gammel brukonstruksjon som er kollapsa. Det bør avklarast om dette har verknad på bereevne. BK vurdering bør gjennomførast. Slitelaget bør reigjerast. Brurekkverket har brot, er korrodert, og kan ikkje reknast som køyresterkt
Bru Rolvsvåg industriområde	Det er ikkje observert skader av betydning for bereevne. Det er støypefeil og noko utvasking i såletå akse 2-3. Dette har ikkje utvikla seg siste 8 år. Begroing i landkar fjernes. Brurekkverket er ikkje iht. dagens standard, er korrodert og har mindre deformasjonar, samt brot i stolpe til føringskinne akse 2-3. Det anbefales å etablere hindermarkeringskilt 906 akse 3 nedstrøms side for å betre trafiksikkerheita.
Bru 1 overført gamle RV 48-Ytre-Tyssevegen	Brua har ingen skader som påvirker bereevna eller trafiksikkert av betydning. Det er begroing på landkar/kantar oppstrøms. Mindre kalkutfelling akse 1 nedstrøms. Brua er opprinneleg buebru utvida med betongkulvert oppstrøms.
Bru 2 overført gamle RV 48-Ytre-Tyssevegen	Brua har ingen skader som medfører redusert bereevne eller trafiksikkerheit. Begroing på/ved landkar opp- og nedstrøms bør fjernes. Svært fuktig miljø pga. vegetasjon. Opprinneleg buebru utvida med på-støpt plate.
Bru 3 overført gamle riksveg 48 – Ytre-Tyssevegen	Brua/kulverten har ingen skader/manglar. Fri høgde målt oppstrøms.

I rapporten er det ikkje vist til observerte skadar på bruene. Teknisk drift bør vurdere om det er tiltak som dei kan utføre innanfor budsjett, og utarbeide eigen årleg vedlikehaldsplan for bruene.

I tilsynet for kai er det ikkje observert skadar, men behov for nødvendig vedlikehald og tilsyn. Både redningsstiger og redningsbøyer kjem på plass snarast. Som for bru bør teknisk drift vurdere kva tiltak dei kan utføre innanfor budsjett og oppdatere vedlikehaldsplanen.

Kai	Vedlikehaldsbehov
Tysse kai	Det er ikkje observert skadar av betydning for kaiens bereevne. Det manglar redningsbøye på kaiområdet. Redningsstiger er deformerte, lause og i tillegg korte ved lavvatn. Dette medfører nedsett personsikkerheit/trafiksikkerheit og bør etablerast snarast. Kantlist manglar på utstikkar. Rekkverket i akse 1 manglar spiler. Det manglar hinderstolper i akse 1, dette bør etablerast for å hindre biler å køyre inn på kaien og grunna manglande kantlist på utstikkar.
Rolvsvåg kai	Det er ikkje observert skader av alvorleg betydning for bereevne. Under inspeksjonen lå det mye tømmer på kaien, hele slitelaget lot seg derfor ikkje inspisere. Det anbefales å reingjere slitelaget, da det ligger mye bark og grus. Samtlege hovudbjelkar har rustgjennomslag og armeringskorrosjon, men dette har heldt seg relativt stabilt sidan 2016. Årleg kontroll av dette anbefales. Det er også observert sprekkar og armeringskorrosjon i frontbjelke. Kaien manglar redningsbøye, dette bør etablerast snarast. Innfestningar til redningsstige er noko deformert og lause. De nederste trinna har rusta av, dette bør utbetrast. Det anbefales å etablere en redningsstige til på kaien.
Bjørkheim kai	Var ikkje under tilsyn i rapporten

10. Tilstandsanalyse.

Teknisk drift har oppdatert og justert tiltaksanalysen frå 2017. Ei rekke utbetringar på vegane, fjellskjering, varamurar, rekkverk og anna trafikksikring er gjennomført.

I 2022-23 investerte kommunen i store utbetringar, med masseutskifting, nye grøfter og murar, ei rekkje trafikksikringstiltak og nytt dekke på vegen i Hagabakkane og vegane rundt barneskulen (Gjerdsvegen og Nesjavegen).

For dei kommande åra er det særskilt nytt dekke som bør verte prioritert for fleire av vegane. Samstundes treng mange av desse og å verte masseutskifta, og andre nødvendige tiltak som følgjer med. I investeringsbudsjettet i komande økonomiplanperiode er det sett av ein pott på 2 millionar kroner kvart år, til politisk prioritering.

Rydding av buskar/kratt, grøftereins og mindre lapping av asfalt er av mindre tiltak, og som kan verte gjort innanfor driftsbudsjettet for vegvedlikehald. Tiltaka kan verte dekkja med interne lønskostnader og eige utstyr.

Nedanfor viser oversikt over vegar og behov for tiltak. Kostnadane er anslag og tek ikkje høgde for eventuell prisstigning eller uføresette endringar som kjem fram i samband med prosjektering av tiltaket. Kostnadsanslaget kan difor ha høg risiko for å verte høgare.

Nytt dekke har hatt ein vesentleg høg prisvekst siste åra, og det vert kostbart for kommunen å gjennomføra alle tiltaka i økonomiplanperioden. Tiltaka vert difor prioritert etter samleveg, allmenn interesse, kommunale anlegg, behov for offentleg vatn og avløp i veg og næringsinteresser.

Nedanfor viser oversikt over vegar og behov for tiltak, samt stipulerte kostnader i 2023-kroneverdi.

- ✓ På masseutskifting, vert det lagt til grunn ein erfaringspris på 1 500 kroner pr m2 inkl. mva. Riggkostnader kjem i tillegg
- ✓ På dekke brukar ein erfaringspris på 625 kroner pr. m2 inkl. mva. Riggkostnad kjem i tillegg
- ✓ På grøft vert lagt til grunn ein utgangspunktpris på 100 kroner pr. meter inkl. mva på reinsk av grøft. Riggkostnader kjem i tillegg

Tiltak innan:

Tiltak nødvendig. 1-2 år

Tiltak vurderast ut frå kostnad 3-7 år

Tiltak innan budsjett



Liavegen													
Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad	0	0	200 000	0	0	0	30 000	100 000	130 000	0		0	460 000
Mengde	0	0	2000m	1500 m	4	3	3	200m3	4,5 km	49	0	0	
Bygdavegen													
Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad	1 500 000	6 125000	40 000	0	0	0	25 000	0	7 000	500 000	12 000	19 000	8 228 000
Mengde	250 m	2800 m	400 m				3		500 m	33	3	3	
Vågabygdvegen													
Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad	0	1 250000	20 000	0	0	0	0	0	0		0	0	1 270 000
Mengde		2000 m	200 m	0	0	0	0	0	0		0	0	
Lønnebakken inkl Nesjavegen og Gamlehusvegen													
Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad	0	15 250 000	0	0	0	0	0	350 000	0	112 000	0	0	15 712 000
Mengde		6100 m						250 m2		28			
Tyssereinane.													
Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad	0	1 968 000	0	75 000	0	150 000	0	0	5 000		0	0	2 198 000
Mengde		900 m		40 m		1			150 m	0	2		
Kryss frå FV.5132 - Ungdomsskulen.													

Kommunale vegar i Samnanger kommune

Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad	150 000	410 000	0	0	0	0	0	0	0	100 000	0	0	660 000
Mengde	25 m	130.m		100 m		20 m		100. m2		24	0		
Indre Tysse(Fjordtønna)													
Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad	0	1 500 000	0	300 000	0	0	5000	200 000	5000	48 000	0	0	2 058 000
Mengde		600.m		200 m			1	200. m2	150. m	12	0		
Kryss Kvitingsvegen/ Tveit – Hagabotnane													
Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad	13 800 000	5 000 000	40 000	250 000	20 000	0	40 000		5 000			35 000	19 155 000
Mengde	2300 m	2300 m	400 m	180. m			3		2000 m			3	
Bjørkhaugen (Golan)													
Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad	3 000 000	1 250 000	13 000	50 000	10 000	65 000	25000	0	0	75 000	0	0	4 488 000
Mengde	500 m	500 m	130 m	30 m						13	0		
Raunekleivvegen													
Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad	0	0	150 000	0	0	0	25000	0	25 000	84 000	0	20 000	304 000
Mengde			1500 m	60 m			2		1500 m	22		2	
Steinslandsvegen (kryss Tyssevegen) – til Gjerdsvegen													
Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad	0	1 500 000	30 000	0	0	125 000	0	0	13 000	60 000	0	0	1 728 000
Mengde		300 m	300 m						150 m	15			
Gjerdsvegen - Barneskulen.													
Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													

Kommunale vegar i Samnanger kommune

Kostnad	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Mengde		3000 m2	300 m						150 m	15			
Tysslandsvegen													
Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad		440 000	20 000	0	5 000	0	0	0	5 000	20 000	970 000	0	1 460 000
Mengde		200 m	200 m		2				200.m.	5	1		
Jarlandsvegen.													
Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad	0	0	10 000	0	0	0	0	0	3000	65 000	0	0	78 000
Mengde		200 m2	100 m						100 m	11	1		
RV 49/kryss – Haug													
Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad	0	0	20 000	0	0	0	0	0	5000	65 000	0	0	90 000
Mengde			200						100 m	11			
Prestavegen.													
Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad	0	0	0	0	0	0	0	0	0	5 000	0	0	5 000
Mengde		700 m2								1			
Totrævegen													
Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad	0	450 000	65 000	0	5 000	0	35000	0	5000	68 000	0	0	628 000
Mengde		205 m	650 m	150.m.			12000			17			
Nyutløtræ													
Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad	6 840 000	2 850 000	70 000	850 000	5 000	0	35 000	150 000	45 000	12 000	0	0	10 857 000
Mengde	1140 m	1140 m	700 m	700 m	2		3	3	1040 m	4			
Fjellheimsvegen.													

Kommunale vegar i Samnanger kommune

Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad	0	1 312 000	70 000	0	0	0	5000	20 000	0	36 000	0	0	1 443 000
Mengde		700 m	700 m				1	50 m2		9			
Hagabakkane – nedre del													
Objekt	Masseuts	Dekke	Grøft	Rekkverk	Skilt	Varamur	Stikkrenne	Fjellskjæring	Busk/kratt	Vei lys	Bru	Kummer	
Tilstand													
Kostnad	3 900 000	1 625 000	65 000										5 590 000
Mengde	650 M	650 m	650 m										

Samla sum alle tiltak: ca 77 000 000 kroner

Tiltak nødvendig. 1-2 år		Tiltak vurderast ut frå kostnad 3-7 år		Tiltak innan budsjett
Bruer og kaier	Mengde	Kostnad	Gjennomføring	
Bruer Gamle riksveg – Ytre-Tysse - Gaupholm	3 stk.	ca. 70 000		Desse vart overført til kommunen i ca. 2015. Ikkje skade, men treng overflatehandsaming og spyling.
Bru Industriområdet	1	ca. 80 000	2025-	Reparasjon av skader og rekkverk iht. dagens standard.
Tysseland Bru	1	ca. 60 000	2025 -	Utbetring manglar
Ådland - Leiren	3	ca. 130 000	2025 -	Utbetringar manglar, samt skadar som kan ha betydning for bereevne. Vurdere overføring til privat eige ev bom til ei av bruene til leiren.
Kai – Ytre-Tysse	1	ca. 100 000		Redningsstige, sikre kai mot køyring. *) Reperasjon av tømmer kaia har ikkje hatt tilsyn dette året og vert foreslått som eige prosjekt.
Kai - Rolvsvåg	1	ca. 60 000		Reingjere slitelaget, redningsstige. Vurdere bom

Kostnad inkl mva. ved innleige av entreprenør. Derarbeid kan utførast av teknisk drift vert kostnad redusert.

11. Tiltak vedlikehald av kommunale vegar i 2024-2027.

Forslag om årleg pott på 2 millionar kroner i investeringsbudsjettet. For tiltak som går ut over potten, kan oppdeling av prosjektet vera alternativ for å få det realisert, eller at det i prosjekteringa kjem fram betre og rimelegare alternativ.

Vegstrekning	Mengde	Kostnad	Gjennomføring	
Steinsland frå fv 136	3 000 m ²	1 728 000	Våren 2024	2024 asfaltering, vurderer moglegheit for nye påkoplingar VA
Bygdavegen nedste del Fv 7 Reistad – kryss Heiane		300 000	2024 – prosjektering 2025 – oppstart	Prosjektering i 2024 saman med prosjektering av VA (300 000 kroner). Gje grunnlag for omfanget. Bør forutsette utbyggingsavtale med ev. utbygger for Erikajorda.
Hagabotnane -Tveit - Kvitingsvegen		300 000	2025 – prosjektering	Prosjektering i 2024 som grunnlag for prioritering i 2025. Omfattande utbetring, og alternative løysingar bør verte vurdert.

Årleg revisjon og prioritering

Ved politisk revisjon av vedlikehaldsplanen årleg i samband med budsjettarbeidet, vert det høve for nye prioriteringar og oppdateringar.

12. Vedlegg:

Inspeksjon bruer og kaier 2022.

13. Lovverk og handbøker.

Lover som dekkar eller berører veg er:

- Vegloven.
- Forureiningsloven
- Plan- og byggingsloven
- Veitrafikkloven
- Arbeidsmiljøloven
- Statens Vegvesen sine handbøker beskriver drift, bygging og vedlikehald av Vegar.